

# Saksframlegg

Sak nr	Utval	Kode	Møtedato
058/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
071/19	Kommunestyre	PS	18.06.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Madsen	FA-Q10, FE-242	19/733

## Vedtekter vegfond

### Kommunestyre - 071/19

#### **Handsaming:**

##### Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Austevoll kommune stadfester «Tildelingsvilkår for vegfond» slik dei føreligg.

### Formannskapet - 058/19

#### **Handsaming:**

##### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Austevoll kommune stadfester «Tildelingsvilkår for vegfond» slik dei føreligg.

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Austevoll kommune stadfester «Tildelingsvilkår for vegfond» slik dei føreligg.

#### **Bakgrunn for saka:**

Austevoll kommunestyre har ved fleire høve handsama saker kor det har vore meininga å skape klarheit i korleis ein kan bidra ved utbetring av vegkryss kor kommunale vegar er involvert. Seinast i kommunestyremøte 11. april 2019 blei det fatta slikt vedtak (delar):

*«Austevoll kommune etablerer vegfond stort kr 500 000 som rådmannen kan nytte som bidrag til utbetring av kommunale vegkryss i samarbeid med private.*

*Rådmannen vil fremme eiga sak om tildelingsvilkår til formannskapet».*

#### **Vurdering**

#### **Tildelingsvilkår for vegfond**

§1 Austevoll kommune har i vedtak 11.04.2019 oppretta vegfond stort kr 500.000,- som rådmannen kan nytte som bidrag til utbetring av kommunale vegkryss i samarbeid med private. Med kommunale vegkryss meiner ein eksisterande kommunale vegar, kryss og avkøyrslar, og tiltak som erstattar eksisterande kommunale vegar, kryss og avkøyrslar.

§2 Søknad om støtte frå fondet kan sendast frå brukarar eller framtidige brukarar som tar på seg å administrera og gjennomføra utbetringar i samarbeid med kommunen, i henhold til

- a. kommunale vedtak
- b. godkjente planar
- c. rekkefølgekrav fastsett i løyve gitt i medhald av plan- og bygningslova

§3 Stønad kan bli gitt til

- a. eksisterande bruk av vegen/krysset/avkøyrsele - der dagens trafikkbelastning, på grunn av eksisterande bruk av vegen, medfører særleg trafikkfarlege tilhøve og behov for utbetring.
- b. nye brukarar av vegen/krysset/avkøyrsele - der auka trafikkbelastning, som følgje av nye brukarar av vegen, medfører særleg trafikkfarlege tilhøve og behov for utbetring.

§ 4 Søknader etter § 2 skal skje i form av eit OPS-prosjekt kor det er grunnlag for ei slik organisering av prosjektet.

§ 5 Deltakande partar i samarbeidet vil vere nye bustader og andre bygg som er råka av rekkefølgekrav, eller andre som på frivillig basis tek på seg medansvar for å utbetre kommunale kryss for å oppnå betre trafikale tilhøve i tråd med vilkåra i § 3 ovanfor.

§ 6 Vegfondet er finansiert av Austevoll kommune og vil bli vurdert tilført årlege midlar i samband med asfalteringssaka som blir framlagt for formannskapet i april månad kvart år.

§ 7 Eit einskildprosjekt kan maksimalt oppnå stønad kr 250.000,-. Søknadsfrist vil bli kunngjort årleg med frist 01.06.

§ 8 Nye brukarar som kjem til etter utbetring skal betale tilknytingsavgift til vegfondet/private partr. Avgifta skal tilsvare tilsvare innskot gjort av dei private regulert med konsumprisindeks. Halvparten av utrekna beløp skal betalast til vegfondet, halvparten skal betalast til vedlikeholdsfond knytta til det konkrete prosjektet.

§ 9 Denne føresegna blir forvalta av rådmannen. Austevoll kommune vil bistå med rådgjeving for å etablere eit samarbeid mellom private og kommunen i tråd med føremålet til denne føresegna. Formannskapet fattar vedtak om tildeling etter sakframlegg frå rådmannen.